

Oppsummering av tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet

Deltakarane i pilotprosjektet (Hordaland, Troms, Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Østfold) har fått i oppdrag å kartlegge behov for kompetanse i eigen region framover. Formålet med pilotprosjektet er å styrke fylkeskommunane sitt grunnlag for betring av balansen mellom tilbod og etterspørsel etter kompetent arbeidskraft – både på kort og lengre sikt, samt å skape og forankre ei felles forståing av kvar region sine kompetanseutfordringar og -styrker.

Deltakarane er valt ut fordi dei har erfaring med å jobbe med denne type analysar og prosessar, og fordi deira arbeid med utvikling av regionale kompetansestrategiar fell saman med formålet til pilotprosjektet.

Fylkeskommunane blir tildelt 650 000 for å delta i pilotprosjektet. Hordaland fylkeskommune er i tillegg tildelt 500 000 for å koordinere arbeidet.

- 1) Fylkeskommunane skal kvar for seg:
 - a) Vurdere bruk og nytte av eksisterande analysar og datakjelder som inngår i kunnskapsgrunnlaget regionalt
 - b) Vurdere bruk og nytte av nye kjelder og metodar for å hente inn kunnskap
 - c) Gjere dette arbeidet i partnerskap med utdannings-, arbeidsmarknads- og næringsutviklingsaktørane i regionen, og med partane i arbeidslivet
- 2) Fylkeskommunane kan:
 - a) Bruke ekstra ressursar på å samle relevant informasjon som finns i denne type data, for å
 - b) Produsere genuine regionale analysar
- 3) Fylkeskommunane skal gjennom sine erfaringar bidra til å vidareutvikle
 - a) Verktøy/metodar
 - b) Organisering av arbeidet regionalt

Pilotane skal gi erfaringar til utvikling av god praksis for

- Bruk av datakjelder, metodar, modellar og verktøy som kan vere hensiktsmessige å bruke for å få eit dekkjande bilete av regionen sitt kunnskapsbehov i kompetansepolitikken på kort og lang sikt
- Korleis næringslivet sine behov for arbeidskraft spesielt kan bli fanga opp i regionale analysar
- Vidareutvikling av prosess/samarbeidsmodellar for dialog og forankring hos sentrale aktørar i regionen som sit på kunnskapsgrunnlag og/eller verkemiddel av relevans for å påverke tilgang på arbeidskraft.

Datatilfanget, vurderingane, dei genuine regionale analysane, verktøya, metodane og erfaringane utgjer *kunnskapsgrunnlaget*.

- 4) Kunnskapsgrunnlaget skal dokumenterast av fylka innan juni 2016.
- 5) Erfaringar frå pilotane skal presenterast på Vox-konferansen i Bergen 29. juni 2016.
- 6) Fylkeskommunane skal saman (via koordinator) levere ein samla sluttrapport i oktober 2016 der dei
 - a) Gir ei eiga vurdering av korleis dei har jobba i pilotprosjektet for å konkretisere kompetansebehova
 - b) Vurderer nytta av dei ulike datakjeldene i analysane
 - c) Gir tilrådingar om korleis fylkeskommunane kan jobbe systematisk med dette framover